

Øyvind Gunvaldjord
Bygdevegen 247
3895 EDLAND

Dato: 10.11.2025
Vår referanse: 2025/7791-5
Sakshandsamar: Turid Opsund

88/8 - Løyve til arealoverføring 88/8

Gbnr: 88/8 og 88/64
Tiltakshavar: Øyvind Gunvaldjord
Type tiltak: Oppretting av ny matrikkeleining
Plantype: Saka er handsama i samsvar med gjeldande reguleringsplan
Namn på plan – planid: Kommunedelplan for Haukeli/Edland

Delegert vedtak: 59/25

Vedtak


Med heimel i plan og bygningslova § 20-1 bokstav m) og jordlova § 12 vert det gjeve løyve til arealoverføring slik det er søkt om.

Bakgrunn

Eigar av 88/8 søker om å skilje frå om lag 500 m² som skal leggjast til eigedom 88/86. Garasjen til eigar av 88/86 står i dag utanom grunneigedom, ved å føre over arealet, vil garasjen havne på rett grunneigedom. Arealet ligg innanfor kommunedelplan for Haukeli/Edland og er sett av til spreidd bustadbygging. Søknaden er soleis i tråd med overordna plan og kjem heller ikkje i konflikt med andre arealbruksinteresser. Tiltaket stadfestar alleirei godkjent bruk av arealet.

Søknaden er også vurdert etter jordlova:

Saka gjeld arealoverføring av mindre areal (0,5 dekar) i frå landbrukseigedom og formalisering av grenser til bustadeigedom. . Kommunen kan etter jordlova § 12, 3 ledd gje løyve til frådeling av landbrukseigedom under visse vilkår. Ein kan ikkje sjå at denne frådelinga vil vere i strid med dette, eller at frådelinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området– og kan såleis gje løyve etter jordlova § 12.



Klagerett

Ein kan klage på vedtaket innan 3 veker i samsvar med § 1-9 i PBL. Klaga skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Turid Opsund

rådgjevar plan

Plan, økonomi og berekraft

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Øyvind Gunvaldjord

Vedlegg: Generell informasjon om deling

Oppmålingsforretning

Der det er gjeve løyve til frådeling/bortfesting etter Plan- og bygningslova, er saka klar for handsaming etter Matrikkellova.

Når rekvisisjon av oppmålingsforretning er motteke, skal kommunen gjennomføre oppmålingsforretninga innan fristar gjeve i § 18 i Matrikkelføresegna om ikkje anna er avtala med rekvirenten.

I medhald av kommunestyrevedtak 10.12.2009 om vintertid, skal tida 1. oktober til 30. april ikkje takast med ved utrekning av fristar.

Det vert sendt ut varsel om oppmålingsforretning til rekvirent, registrert eigar, registrert festar og naboar seinast to veker før oppmålingsforretninga. Oppmålingsforretninga må gjennomførast på berrmark. Grunneigar, nabo og eventuelt andre rettshavarar må møte på forretninga sjølve eller vere representert med fullmektig. Partane vert samde om grenser som vert varig merkte med godkjente grensemerke.

Etter at oppmålingsforretninga er halden, vert den nye eigedomen ført inn i matrikkel og grunnbok. Etter at tinglysinga er stadfest, vil kommunen utferde matrikelbrev som vert send til rekvirenten.

Heimelsovergang skjer ved å tinglyse eit skøyte, eventuelt festeavtale for festetomter. Me gjer merksam på at Vinje kommune ikkje utferdar skøyte/festeavtale i samband med overføring av heimel for ein eigedom. Dette er ei sak mellom seljar og kjøpar som sjølve må syte for å skrive skøyte/festeavtale og få dette tinglyst. Eigenfråsegn om konsesjonsfritak med stadfesting frå kommunen må fylgje skøyte til tinglysing. Statens kartverk, Tinglysinga vil krevje tinglygingsgebyr og eventuell dokumentavgift i høve slik heimelsoverføring.

Oppmålingsgebyr etter gjeldande gebyrregulativ fastsett av Vinje kommunestyre i sak 09/62, vert ettersendt.

Eventuelle spørsmål kan rettast til Oppmålingsavdelinga eller Tenestetorget i Vinje kommune på tlf. 35 06 23 00.